

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2018/EØS/27/22

av 14. juni 2013

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjoner og veterinæreiningar i TRACES på grunn av tilmeldinga av Kroatia

[meld under nummeret K(2013) 3474]

(2013/290/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Kroatia, særleg artikkel 3 nr. 4,

med tilvising til tilmeldingsakta for Kroatia, særleg artikkel 50, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjoner, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES⁽¹⁾ er det i vedlegg I fastsett ei liste over grensekontrollstasjoner som er godkjende i samsvar med rådsdirektiv 91/496/EØF⁽²⁾ og 97/78/EF⁽³⁾, og i vedlegg II ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 2) Vedtak 2009/821/EF, som er vedteke av Kommisjonen, skal framleis gjelde etter 1. juli 2013 og må difor tilpassast til tilmeldinga av Kroatia. Dei naudsynte tilpassingane er ikkje fastsette i tilmeldingsakta for Kroatia⁽⁴⁾ og må difor, før tilmeldinga, vedtakast gjennom denne avgjerda, slik at dei kan nyttast frå og med tilmeldinga.
- 3) Utvidingsprosessen vil føre med seg store endringar i landegrensene mellom den nye Unionen og tilgrensande tredjestatar, med utviding av kystgrensa til å omfatte meir av middelhavskysten, og med ytterlegare éi internasjonal lufthamn.

4) Tilsynstenesta til Kommisjonen (tidlegare kalla inspeksjonstenesta til Kommisjonen), som er underlagd Næringsmiddel- og veterinærkontoret, har gjennomført tilsyn med dei stadene som er framlagde som grensekontrollstasjoner i Kroatia på grensa til tredjestatar. Det er venta at desse stadene vil oppfylle krava til Unionen innan tilmeldingsdatoen. Framlegga til plassering i Kroatia bør difor først opp i lista i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF over godkjende grensekontrollstasjoner i medlemsstatane.

5) Som følge av tilmeldinga av Kroatia kjem samstundes visse medlemsstatar, dvs. Ungarn og Slovenia, ikkje lenger til å ha grense mot tredjestatar. Difor vil visse grensekontrollstasjoner i desse medlemsstatane verte overflødige. Lista over godkjende grensekontrollstasjoner i desse to medlemsstatane i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

6) Vidare vil utvidingsprosessen føre til at ytterlegare lokale veterinæreiningar i Kroatia kan nyttast i TRACES. Desse lokale veterinæreiningane må difor først opp i lista over medlemsstatane sine lokale einingar i TRACES, som er fastsett i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.

7) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 164 av 18.6.2013, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 159/2014 av 9. juli 2014 om endring av visse vedlegg og protokoller til EØS-avtalen, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 5 av 22.1.2015, s. 10.

⁽¹⁾ TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

⁽³⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

⁽⁴⁾ TEU L 112 av 24.4.2012, s. 21.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Dei endringane som er fastsette i vedlegget, tek til å gjelde med atterhald for og frå den dato den då tilmeldingstraktaten for Kroatia tok til å gjelde.

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 14. juni 2013.

For Kommisjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) Følgjande del om Kroatia vert lagd til etter delen om Frankrike:

«Страна: ХЪРВАТИЈА — **Země:** CHORVATSKO — **Land:** KROATIEN — **Land:** KROATIEN — **Riik:** HORVAATIA — **Χώρα:** ΚΡΟΑΤΙΑ — **Country:** CROATIA — **País:** CROACIA — **Pays:** CROATIE — **Zemlja:** HRVATSKA — **Paese:** CROAZIA — **Valsts:** HORVÁTÍJA — **Šalis:** KROATIJA — **Ország:** HORVÁTORSZÁG — **Pajjiž:** KROAZJA — **Land:** KROATIĚ — **Kraj:** CHORWACJA — **País:** CROÁCIA — **Ṭara:** CROAṬIA — **Krajina:** CHORVÁTSKO — **Država:** HRVAŠKA — **Maa:** KROATIA — **Land:** KROATIEN

Bajakovo	HR VUK 3	R		HC (2), NHC(2)	
Karasovići	HR KRS 3	R		HC (2), NHC(2)	
Nova Sela	HR MET 3	R		HC(2), NHC(2)	E, O
Ploče	HR PLE 1	P		HC, NHC	
Rijeka	HR RJK 1	P		HC, NHC	
Stara Gradiška	HR SGS 3	R		HC, NHC	U, E, O
Zagreb	HR ZAG 4	A		HC (2), NHC(2)	O»

b) I den delen som gjeld Ungarn, går postane for jernbana i Gyékényes og vegen i Letenye ut.

c) I den delen som gjeld Slovenia, går postane for jernbana i Dobova og vegen i Gruškovje, Jelšane og Obrežje ut.

2) I vedlegg II vert følgjande del om Kroatia lagd til etter delen om Frankrike:

«Страна: ХЪРВАТИЈА — **Šalis:** KROATIJA — **Země:** CHORVATSKO — **Ország:** HORVÁTORSZÁG — **Land:** KROATIĚ — **Pajjiž:** KROAZJA — **Land:** KROATIEN — **Land:** KROATIEN — **Riik:** HORVAATIA — **Kraj:** CHORWACJA — **Χώρα:** ΚΡΟΑΤΙΑ — **País:** CROACIA — **Country:** CROATIA — **Ṭara:** CROAṬIA — **País:** CROÁCIA — **Krajina:** CHORVÁTSKO — **Pays:** CROATIE — **Zemlja:** HRVATSKA — **Država:** HRVAŠKA — **Paese:** CROAZIA — **Maa:** KROATIA — **Valsts:** HORVÁTÍJA — **Land:** KROATIEN

ЛОКАЛНА ЕДИНИЦА — VIETINIAI VIENETAI — MÍSTNÍ JEDNOTKA — HELYI EGYSÉGEK — LOKALE ENHEDER — UNITA' LOKALI — ÖRTLICHE EINHEITEN — LOKALE EENHEDEN — KOHALIK ASUTUS — JEDNOSTKA LOKALNA — ΤΟΠΙΚΕΣ ΜΟΝΑΔΕΣ — UNIDADES LOCAIS — LOCAL UNITS — UNITĂȚI LOCALE — UNIDADES LOCALES — MIESTNA JEDNOTKA — UNITÉS LOCALES — LOKALNE JEDINICE — OBMOČNA ENOTA — UNITÀ LOCALI — ΠΑΙΚΑΛΙΣΕΤ ΥΚΣΙΚΌΤ — LOKĀLĀ VIENĪBA — LOKALA ENHETER

HR00001	BJELOVAR
HR00007	GRAD ZAGREB
HR00002	OSIJEK
HR00003	RIJEKA
HR00009	ŠIBENIK
HR00008	SLAVONSKI BROD
HR00004	SPLIT
HR00005	VARAŽDIN
HR00006	ZAGREB»